

Fra: kaespe@online.no
Sendt: 27. mai 2015 20:59
Til: Postmottak KUD
Emne: Høringsuttalelse (Ref 15/1432) – forslag om endringer i helligdagsloven for å tillate søndagsåpne butikker

Kari Espelid

kaespe@online.no

Vestveien 49

Eg ynskjer IKKJE at Regjeringa skal tillata sundagsopne butikkar!

Sundagsfri betyr fri både frå arbeid og frå handel. Vi treng ikkje fleire dagar med shopping og auka forbruk.

Sundag er ein dag for frivillig arbeid og aktivitet og mange brukar han til helsebringande friluftsliv. Når butikkane er stengde, er det tid for andre aktivitetar. Sundagstur, frivillig innsats, rekreasjon og avslapping, lade batteria. Ein fridag er ikkje bare godt for helsa, hovudet og det sosiale fellesskapet både i familien og i samfunnet, det er også bra for miljøet!

Sundagsope gjer at fleire butikkar må halde oppe, noko som fører til auka energibruk. Tilsette må på jobb og både dei og folk som skal handle vil bruke meir bil, sidan det er sundagsruter på dei fleste offentlege transportmiddel. Eller er det meininga at også alle som arbeider i transportbransjen skal på jobb? Er det langsiktige målet å få alle til å arbeide om sundagane??

Seks dagar i veka er kommersielle handledagar. Både folk og miljø treng ein kviledag. Kven er konkret desse som treng at butikkane er opne om sundagane? Er det dei som sit øvst i dei store matvarekjedene som treng å tene endå meir pengar? Eller er det bare eit ideologisk prinsipp om mest mogeleg fridom for den enkelte, på bekostning av fellesskapet?

Eg be regjeringa stoppe forslaget om sundagsopne butikkar. Det er ei løysing på eit problem veldig få har. Det skaper nye problem for mange fleire. Lat oss behalde kviledagen vår!